

Opning av Kommunep plankonferansen 2008 28.oktober

Fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg

Fylkesmann, statssekretær, ordførarar, innleiarar og deltakarar!

Velkomen!

Eg er glad for nok ein gong å kunne ynskja velkomen til kommunep plankonferansen i Hordaland.

Samarbeidet med fylkesmannen om konferansen er ein god tradisjon. Møteplassen i oktober i Bergen er innarbeidd i kommunane, det fortel mellom anna det aukande deltakartalet. Med over 250 påmelde er dette den største nokon gong.

Tradisjon er bra, men eg vonar vi kvart år har evne til å fornya innhaldet slik at det vert lærerikt. Samstundes vil eg minna om at dette er ein møteplass der det å læra av kvarandre er eit mål. Eg oppmodar difor alle om å bli kjent med nye kollegaer desse to dagane, nytt pausane godt!

Travelt planår

Vi har bak oss nok eit travelt planår i Hordaland. Sjølv om talet på plansaker har flata ut, har talet på planar som møter motsegn auka. I rapporten Kommunep lanlegging i Hordaland 2007 som de har fått utdelt, kan de finna dei tørre tala. Eg har notert meg at arealplanlegging har fått auka merksemd i politiske organ og at

planadministrasjonen er sett under press i ein svært stram arbeidsmarknad.

2008 vert eit spanande år på mange måtar med finanskrisa som bakgrunnsteppe. Kanskje kan det vera positivt med ein pust i bakken. Innføring av ny planlov skal førebuast og vil stilla store krav til både oss på regionalt nivå og i kommunane.

Landskap og kultur

Vi opna denne konferansen med tonesette Olav H. Hauge-tekstar. Det var sjølvstekt ikkje tilfeldig. Eg vil no innleiingsvis knyta saman hovudtema for konferansen, landskap i kommunal planlegging, med det eg vil kalla for kultur som identitetsbyggjar.

Hordaland fylkeskommune har eit omfattande ansvar for regional kulturpolitikk og regionale verkemiddel som går langt utover det som de sikkert kjenner som kulturminnevernet. I år er vi til dømes med på markeringa av at det er 100 år sidan to store kunstnarar: komponisten Geirr Tveit frå Kvam og lyrikaren Olav H. Hauge frå Ulvik, vart fødde. Både lyrikken og musikken har rikeleg med referansar til landskapet i Hardanger som dei hadde sterke band til.

Landskap som politisk verkemiddel

Går vi meir enn hundre år attende i tid, til 1800-talet då kampen om norsk sjølvstende nådde eit høgdepunkt, vart dei same landskapa nytta politisk. Hardanger baud på alt ein nasjonalromantiskar kunne ynskje: fjord, fjell, fonn og foss i tillegg til ein levande bondekultur. Målarstykket Brudeferden i Hardanger av Tidemann og Gude vart kroneksempelen frå biletkunsten. Andre døme er Bergensaren J. C. Dahl sitt Ved Stalheim med regnbogen over Jordalsnuten frå Voss kommune. Eller Bjerk i storm frå Måbødalen. Mange har spekulert på om bjørka er

meint som symbolet på sjølve Noreg og kampen for sjølvstende.

Hardanger eit nasjonallandskap

Nasjonalromantikken si tilknytning til Hordaland var ein av grunnane til at fylkeskommunen valde Øystese som Hordaland fylke sin tusenårsstad. Eit kunst- og kulturhus vart reist vendt mot Hardangerfjorden på det breiaste med utsyn mot Folgefonna i vest. I ryggen mot aust kan ein få auga på landskapsforma Kabuso i fjellhorisonten. Kabuso vart namnet på tusenårsstaden, ei påminning om sambandet mellom landskap og kunst.

Regional kunst og regional identitet

I sommar har Kabuso hysa ei Astrup-utstilling. Målaren Nicolai Astrup vende heim til Jølster og heldt fast ved barndomslandskapet som grunnmotiv. Han vart regional i ei tid då dette var høgt oppe på den politiske dagsorden. Kunsten hans vart merkesteinar i norsk kunsthistorie. Bileta uttrykker lengsel mot rotfeste, tilhøyrighet og identitet som også kjenneteikna sjølvstendeforkjemparane.

På merkeleg vis knyter Olav H. Hauge seg til Astrup gjennom diktet Til eit Astrup-bilete der einskapen mellom menneske og kulturlandskapet vert attspegla i begge. Vi møter versa i stort format i det gamle heradshuset i Ulvik der informasjonssenteret om Hauge skal liggja.

Fylkeskommunen er sjølvstend med å støy opp under arbeidet med eit Haguesenter i hans eige landskap i Ulvik.

Kunst og landskap

Tenkjer vi etter vil lett oppdaga at fleire komponistar og forfattarar har sterke band til landskap i Hordaland. Vi har alt nemnt Hardanger og Voss. Men Fartein Valen frå lyngheilandskapet i Sveio meinte han måtte vera på vestlandet for å komponera. Grieg påsto at tonane nærast grodde ut av grunnen på Troidhaugen. Sæverud fann mykje av musikken under steinane på Siljustøl i Fana.

Aslaug Laastad Lygre sitt kjende dikt tonesett av jubilanten Geirr Tveit, Du skal ikkje sove burt sumarnatta, får oss til å innsjå at eit kvart landskap har sin verdi og sine assosiasjonar.

Subjektive landskap

Under nasjonalromantikken skifta synet på Hardangerlandskapet seg frå vilt og ugjestmildt til vakkert og storslott. Kunsten påverkar blikket vårt og oppfatningane våre den gong som no. Dette viser at identitet ikkje er fastsett ein gong for alle, men identitet utviklast og er påverka av tida den blir danna i.

Våre eigne opplevingar i landskapet formar oss. Lyset, fargane, lukt og lyd legg seg som lag på minnet. Fjørelukt og havdønningar eller fabrikkdur og metallstøv smeltar saman med landskapsinntrykka. Barndomslandskapet slepp aldri taket.

Landskapsomgrepet er med andre ord skiftande med tida og ulikt frå person til person. Når ein så i tillegg, slik denne konferansen attspeglar, har ulike sektorinteresser i landskapsomgrepet er det klårt at forvaltning av landskap er krevjande.

Utfordringar og mål

No vil eg tilbake til planlegging og utfordringane vi står framfor. På den eine sida har Noreg ratifisert den Europeiske landskapskonvensjonen. Både natur- og kulturlandskap skal tas vare på. Kvardagslandskapet er spesielt fokusert og folk sine oppfatningar skal vektleggast. Hordaland fylkeskommune har vedtatt ein fylkesplan der det heiter at verdifulle landskap skal tas vare på og reiseliv basert på natur- og kultur er eit satsingsområde i regionalt utviklingsprogram.

Samstundes er Hordaland kjenneteikna av ei positiv utvikling som også er arealkrevjande på mange område. Store kraftliner er planlagt gjennom fylket. Effektiv transport krev nye inngrep i naturen. Vindkraftverk og småkraftverk er miljøvenleg energi, men samstundes landskapsinngrep. Folkevekst og god økonomi har gjort Hordaland til storforbrukar av landskap.

Kommunen som landskapsforvaltar

På denne konferansen er det kommunane sitt ansvar for å vega ulike omsyn mot kvarandre gjennom kommuneplanlegginga som er hovudtema. Men som vi ser av programmet er det mange andre innfallsvinkar til landskapsforvaltning som også må vera med. Eg må likevel nemna at eg er både takksam og stolt over det partnerskapet som er oppretta med Granvin, Lindås, Samnanger og Sund kommunar om utviklingsprosjekt: Landskap i kommunale plan. I 2009 går prosjektet inn i slutfasen. Både på denne konferansen og gjennom tiltak neste år vil lærdom frå prosjektet verta formidla.

Medverknad og samarbeid

Som eg har prøvd å få fram er det for meg ein naturleg samanheng mellom det fokus som var på Hordaland i nasjonsbygginga og det å vera pilotfylke for å ta landskapsomsyn i planlegginga i Noreg. Vi har mykje å tapa og mykje å vinna. Eg meiner landskapsforvaltning vil vera eit sentralt tema i lang tid framover i Hordaland også etter 2009.

Mitt sluttord vil difor vera å minna om at verdsetjing av landskap er ei langsiktig og løpande oppgåve. Medverknad i planlegging på alle plan vert sett på prøve. Utfordringane er store.

Med kløkt og varsemd i regional og kommunal planlegging kan vi oppnå både trivelege byar og bygder,

eit blømande næringsliv og eit landskap vi stolt kan visa fram.

Eit vakkert og attraktivt Hordaland må vi kunne sameinast om og samarbeida om.

Lykke til med konferansen!